

Sofie Flølo Dyrstad

Framstilling av multietnolekt i lærebøker

Ein lærebokanalyse av fem norsklæreverk for ungdom- og vidaregåande skule

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar
Veileder: Cecilie Slinning Knudsen

Juni 2020

Sofie Flølo Dyrstad

Framstilling av multietnolekt i lærebøker

Ein lærebokanalyse av fem norsklæreverk for
ungdom- og vidaregåande skule

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudenter
Veileder: Cecilie Slinning Knudsen
Juni 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Innholdsliste

1. Innleing.....	2
2. Teori	2
2.1. Læremidla si rolle.....	4
2.2. Læreplanen.....	4
3. Analyse	5
3.1. Læremiddel som er inkludert i studien og kort overblikk av dei	5
4. Drøfting	8
4.1. Plass	8
4.2. Plassering.....	9
4.3. Ordval.....	9
4.4. Definisjon.....	10
5. Avslutning.....	11
6. Litteraturliste	12

1. Innleiing

Denne oppgåva har som hensikt å sjå nærare på korleis multietnolekt og «kebabnorsk» er framstilt i undervisinga, og då spesielt i lærebøkene. Det konkrete utgangspunktet for studien er revisjonen av Læreplanverket for *Kunnskapsløftet* (heretter referert til som LK06) og læreverk som blir brukt i undervisinga. Grunnen til at eg vel å sjå på læreverk frå den førre læreplanen er ettersom læreverka som er laga i høve med Fagfornyinga ikkje er tilgjengelige enno. Dette er fordi læreplanen er ny. Læreverka eg skal sjå på er *Fabel 10*, *Grip teksten Vg1*, *Grip teksten Vg3*, *Kontakt Påbygging vg3* og *Norsk for yrkesfag vg2*. Formålet er å identifisere kva førestillingar som blir representert i lærebøkene innanfor temaet multietnolekt. Med utgangspunktet i dette har eg forma følgjande problemstilling: *På kva måte tematiserer lærebøkene multietnolekt, og korleis kan undervisinga innanfor dette temaet bidra til å forme førestillingar om multietnolekt i Noreg?* For å svare på problemstillinga vil eg først gjere greie for multietnolekt i Noreg, samt gå gjennom læreverket sin funksjon og læreplanen. Vidare vil eg analysere lærebøkene ved å, blant anna, sjå på kor stor plass multietnolekt tar i læreboka og kva ord som blir brukt for å omtale multietnolekt, før eg til slutt vil drøfte sentrale aspekt ved desse læreverka, i lys av eiga forståing, LK06 og faglitteratur.

«Kebabnorsk», som eit anna ord for multietnolekt, vart brukt for første gang i Noreg i 1995 i hovudfagsoppgåva *Kebabnorsk: fremmedspråklig påvirkning på ungdomsspråket i Oslo* av Stine Cecilie Aasheim. Språkstilen går også under orda «ny norsk» eller en urban, multietnolektisk talestil (Kvittingen, 2018). Kebabnorsk-namnet er ein vidstrekt nemning blant folk flest, og er dessutan hyppig brukt i media (Ims, 2014:8). Det er også det mest frekvente namnet på denne talestilen (28 %) (Ims, 2013). Kallenamnet kebabnorsk var lenge sett på som ein negativ måte å snakke på, men dei siste åra har denne måten å prate på blitt «kul» i ungdomsmiljøa, og det er ikkje lenger berre ungdommane på Tøyen i Oslo som snakkar sånn. Også vestkanten bruker ord som «kæbe», som betyr jente, og «dum bukse», som betyr fin bukse. Ein kan også finne ord som «lø», som betyr teit og keisamt, i artisten Kristoffer «Cezinando» Karlsen sine låtar, som plasserer multietnolekt i populærkulturen. I denne oppgåva vil «multietnolekt» brukast for å omtale språkstilen.

2. Teori

Det er ikkje eintydig kva og kven multietnolekt refererer til. Den brukast som referanse til alt frå innlærerspråk til ungdomsspråk i sin alminnelegheit (Ims, 2013:54-58). Likevel er den nye

måten å snakke norsk på i fleirspråklege og fleirkulturelle miljø i Noreg i dag hovudsakeleg dokumentert og beskrive i tilknytning til ungdomsmiljø i Oslo sine austlege bydelar (Ims, 2014:8). Noreg er nemleg eit fleirspråkleg land. I 2014 vart den første store nasjonale studien om språkbruk i heimen gjennomført (Svendsen, 2018; Svendsen, Ryen & Lexander, 2015). Ifølgje denne studien viser det seg at 532 av 4509 elevar sa at dei bruker to eller fleire språk dagleg, og dei fleste av desse 4509 elevane hevda at dei hadde kompetanse for tre språk (Svendsen, u.u.:2). Ifølgje Statistisk sentralbyrå (2018) er 14,4 % av den norske populasjonen innvandrarak. I tillegg har 3,2 % av nyfødde to innvandrarakforeldre. I Oslo er meir enn 33 % av befolkninga innvandrarak. At ein tredjedel av befolkninga i Oslo er innvandrarak, gjer at den multietnolektiske språkstilen blir meir og meir vanleg der.

Denne nye talepraksisen som finst i fleirspråklege byområde blir beskrive som ein multietnolektisk talestil (Opsahl og Røyneland, 2016:46). Opsahl og Røyneland understreker at ein bør kalle omgrepet ein stil og ikkje ein variasjon, ettersom ein sosiolingvistisk stil inkluderer eit breiare spekter av semiotiske symbol enn ein variasjon (Opsahl og Røyneland, 2016:46). Den multietnolektiske talestilen kan definerast som ei klynge av språklege ressursar, ettersom den er bygd opp av fleire ulike språk.

Svendsen (u.u.:10) definerer multietnolekt som ein gitt, avgrensa måte å snakke på, brukt av ungdom med innvandrarakbakgrunn. Denne definisjonen er nokså lik Opsahl og Røyneland (2016:45) sin definisjon, som definerer multietnolekt som ein talestil som er prega av inkludering av språklege funksjoner frå mange forskjellige språk, brukt av menneskjer med fleiretniske bakgrunnar, for å uttykke sin minoritetsstatus. Stian Hårstad i *Språknytt* (2015) definerer multietnolekt som «varianter av norsk som vokser fram i fleretniske – og dermed flerspråklige fellesskap, og som inneholder språktrekk som kan spores tilbake til de involverte minoritetsspråkene». Hårstad legg også til at dei som bruker slike språklege stiler, har vel og merke både minoritets- og majoritetsbakgrunn, så det er ikkje snakk om eit innlærerspråk, der dei som snakkar det ikkje kan norsk (Hårstad, 2015). Ofte har namnet multietnolekt nemleg blitt brukt saman med, eller synonymt med, både «innvandrarakspråk» og «pakkisnorsk». Namnet blir altså karakteriserer både i positiv og negativ retning (Ims, 2013:54-58). Dei siste åra har nye variasjonsfenomen i norsk, slik som multietnolekt, fått auka innpass i norsklæreverk for vidaregåande skule (Opsahl og Røyneland, 2016:47).

2.1. Læremidla si rolle

Eit av skulen sine hovudoppdrag kan seiast å vere å tilføre elevane visse forståingsformer og tankesett om samfunnet omkring dei, kort sagt ei sosialisering inn i visse ideologi- og verdisystem (Hårstad, 2019:23). Førestillingane vi har om språk og språklege forhold veks fram av sosiale erfaringar, og skulen har i lang tid vore ein sentral arena for slik erfaringsdanning (Kroskrity, sitert i Hårstad, 2019:24). Lærebøker, og anna pedagogiske materiell, som presenterer elevane for ulike førestillingar om og synsmåtar på omgivnadane, har ein sentral plass i denne danninga i skulen. Læremidla som blir brukt i skulen kan både vere digitale og papirbaserte ressursar (Hårstad, 2019:24). I denne studien kjem eg til å fokusere på lærebøker, og ikkje digitale eller litterære ressursar. Dette skjer med ein klar medviten om at eg berre kan få innsikt i eit fragment av læringsprosessen (Hårstad, 2019:24). Korleis dei aktuelle tekstane blir tolka og brukt i undervisinga er ikkje inkludert i studien. Det same gjeld vilkåra for utviklinga av dei ulike læreverka og dei prosessane der lærebokforfattarane omset den formelle læreplanen til oppfatta læreplan (Hårstad, 2019:25). Lærebøker blir ofte brukt i skulen som ein «fasit», ettersom dei har gått gjennom mange prosessar, som gjer at dei blir posisjonert som objektive, heildekkande, balanserte og verdinøytrale (Hårstad, 2019:25). På bakgrunn av dette er analyse av lærebøker ein metode for å få eit innblikk i undervisinga, utan å vere i klasserommet og observere. Om ein lærar seier meir om multietnolekt enn det som står, er altså usikkert.

2.2. Læreplanen

Når ein ser på kompetansemåla frå LK06 er ordet multietnolekt aldri brukt. Likevel finn vi at multietnolekt er knytt inn i nokre av kompetansemåla. Fleire av kompetansemåla har til felles at dei er retta mot fleirspråklegheit og talemålsvariantar. I kompetansemåla for 10.klasse står det at eleven skal «gjere greie for nokre kjenneteikn ved hovudgrupper av talemål i Noreg, og diskutere haldningar til ulike talemål og til dei skriftlege målformene nynorsk og bokmål» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Multietnolekt er eit av talemåla i Noreg, som nemnt i innleiinga, og på denne måten får multietnolekt innpass i læremidla i 10.klasse.

Etter Vg1 studieførebuande utdanningsprogram og Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram skal eleven «beskrive og vurdere korleis språk og sjangrar brukast av representantar for ulike yrkesgrupper og i ulike sosiale samanhengar» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Dette kompetansemålet omfattar multietnolekt ettersom multietnolekt ofte blir knytt til etableringa av ein gruppeidentitet blant ungdommar som veks opp i heterogene kulturelle og språklege miljø (Språkrådet, u.d.). Vidare skal eleven «gje dømer på fleirspråklegheit og drøfte fordelar

og utfordringar i fleirspråklege samfunn» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Her kjem multietnolett tydelegast fram, ettersom multietnolett nettopp er fleirspråklegheit som har vekst fram i fleirspråklege samfunn. Til slutt skal eleven «drøfte kultur møter og kulturkonfliktar med utgangspunkt i eit utval samtidstekstar» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Også dette kompetansemålet inkluderer multietnolett, ettersom det er eit talemål der fleire kulturar møtast.

I kompetansemåla for Vg3 studieførebuande utdanningsprogram står det at eleven skal «gjere greie for særtrekk ved eit utval norske talemålsvariantar og reflektere over forhold som kan påverke utviklinga av talemål» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Som nemnt tidlegare er multietnolett ein talemålsvariant, og på bakgrunn av dette kan ein seie at multietnolett er medrekna i Vg3. Dette kompetansemålet gjeld også for påbygging, og er nokså likt kompetansemålet frå 10.klasse.

3. Analyse

Lærebokanalyse er enkelt sagt ein måte å nærlese på, anten ein er ute etter kvalitative eller kvantitative data (Nicholls, 2003; Selander, 2010). I denne analysen er eg ute etter å gjere ein kvalitativ undersøking, med eit utval av lærebøker.

3.1. Læremiddel som er inkludert i studien og kort overblikk av dei ¹

I denne studien har eg valt å inkludere fem lærebøker. Ein av lærebøkene eg har valt er frå tiande trinn, to er frå studieførebuande vidaregåande, og to er frå påbygg og yrkesfag.

Grunnen til at eg valte lærebøker frå både ungdomsskule, vidaregåande studieførebuande og vidaregåande yrkesfag er for å sjå variasjonen i framstillinga. Dei fem læreverka har følgjande komponentar (i den vidare framstillinga blir verka omtalt med tittel):

Fabel 10 (Drivflaadt, E., Fostås, A. G., Hjulstad, K., Horn, H., Kjelen, H. A., Nitteberg, M. og Ommundsen, Å. M., 2015)

Digital lærebok / Brettbok

¹ Lærebøkene som er inkludert i studien er henta frå brettbok.no, som er ein plattform for digitale lærebøker.

Originalt hadde eg planlagt å sjå på fysiske lærebøker, men grunna omstenda vedrørende koronaviruset hadde eg ikkje moglegheita til å få hand i fysiske bøker.

I *Fabel 10* er det ei side med introduksjon om multietnolekt der omgrep som «morsmål» blir forklart, og arabisk, somali, farsi og mandarin blir trekt fram som dømer. Vidare er det ei side som skal dekke multietnolekt-omgrepet, og omgrepet blir forklart i eiga faktaboks.

Definisjonen som blir brukt i denne læreboka er:

Multiethnolekt er et språk som oppstår når personer med ulike språk- og kulturbakgrunner tilegner seg et nytt språk. I Norge har dette populært blitt kalt «kebabnorsk». I Sverige kalles denne sammensetningen av språk gjerne «rinkebysvensk», etter bydelen Rinkeby i Stockholm, som har en stor andel innvandrere. I Danmark har begrepet «perkerdansk» vært brukt om multietnolekter i bydelen Nørrebro i København. (Drivflaadt, et al., 2015:224)

Denne definisjonen er den einaste definisjonen som samanliknar det norske namnet med svensk og dansk. Definisjonen inkluderer også «kebabnorsk» for å forklare multietnolekt.

Grip teksten. Norsk Vg1 (Dahl, B. H., Engelstad, A., Engelstad, I., Heline-Halvorsen, E. B., Jemterud, I., Torp, A. og Zadjadi, C., 2013)

Digital lærebok / Brettbok

Grip teksten vg1 bruker fleire sider for å dekke temaet. «Multiethnolekt» har fått ei halv side, men i kapittelet «Norsk mellom andre språk i verda» er store delar av kapittelet om fleirspråklegheit, innvandring og majoritetsspråk, noko eg reknar som sterkt relatert til multietnolekttemaet, ettersom multietnolekt oppstår i fleirspråklege samfunn. Ordet «kebabnorsk» blir forklart som «[...] gruppespråket eller den *ethnolekten* som er karakteristisk for ein del minoritetsspråklege». Dette er ein av dei få lærebøkene der ordet «kebabnorsk» blir brukt. Boka har hovudfokus på grunnar til, og følgjer av fleirspråklegheit, og drøftar om innvandrarspråk og engelsk er eit trugsomål mot norsk, slik det står i kompetansemåla at eleven skal kunne. Bakarst i boka er eit utdrag frå romanen *Et øye rødt* og låtteksten *Tusen teiningar* av Karpe Diem, som begge er tekstar som er sterkt relatert til multietnolekt med tanke på tema og språk.

Grip teksten. Norsk Vg3 (Dahl, B. H., Engelstad, A., Engelstad, I., Heline-Halvorsen, E. B., Jemterud, I., Torp, A. og Zadjadi, C., 2015)

Digital lærebok / Brettbok

I *Grip teksten vg3* har multietnolekt fått ein plass blant dialekter og sosiolekter. Det er nærliggjande å anta at multietnolekt har fått ein plass blant dialekter ettersom det er eit talemål, på lik linje som vestlandsk eller trøndersk. Over fire sider blir særtrekka ved multietnolekt forklart, og det blir gjort greie for ulike omgrep innanfor temaet, slik som *lingua franca*, andrespråk, minoritetsspråk og multietnolekt. Bakarst i boka er eit utdrag frå *Alle utlendinger har lukka gardiner*, som er ein roman skriven på multietnolekt. I *Grip teksten vg3* er multietnolekt forklart slik: «[...] talemålet ikkje er knytt til noko bestemt minoritetsspråk, men samstundes er det eit felles uttrykk for at dei som snakkar slik, høyrer til eller vil identifisere seg med gruppa av minoritetsspråklege» (Dahl, et. al., 2015:270).

Norsk for yrkesfag vg2 (Gitmark, C., Haraldsen, M. og Nøstdal, R. K., 2014)

Digital lærebok / Brettbok

I *Norsk for yrkesfag vg2* er det eit relativt stort fokus på språk og fleirspråklegheit. Det er intervju med ein fleirspråkleg ungdom frå Bergen, og døme på multietnolekte ord. Det er også eit bilete med ei snakkeboble med multietnolektisk talestil inni. Også i denne læreboka er ordet «kebabnorsk» nemnt. Bakarst i boka er det ein rap frå den marrokansk-norske rapperen Danny Maroc, kalla *Norsk 2*. I denne rappen adresserer Danny fleire problem angående den multietnolektiske talestilen. Det er også eit utdrag frå Guleed Abdi si slangbok: *Den nye norsken*. I læreboka blir kebabnorsk forklart som «en betegnelse på ungdomsspråk der ord og uttrykk fra blant annet urdu, arabisk og tyrkisk blir blandet inn.» (Gitmark, et.al., 2014:95). Forfattarane legg til at ein heller bør bruke «Holmlia-norsk» og «Grønland-norsk» ettersom desse orda fortel oss at i Noreg er det først og fremst i Oslo at ungdomsgrupper blander ulike språk med norsk i daglegtalet (Gitmark, et.al., 2014:95). Samla sett er denne boka den mest «ungdommelege» læreboka, ettersom bileta, ordlista og rappen appellerer meir til ungdommar, enn dei andre lærebøkene.

Kontakt Påbygging Vg3 (Frisk, E., Grundvig, T. E., Valand, S. S. og Moum, T., 2015)

Digital lærebok / Brettbok.

I *Kontakt Påbygging vg3* er det berre satt av to halve sider til multietnolekt, som eg reknar som ei heil side i tabellen i neste kapittel. På denne sida er omgrepet, og korleis fenomenet oppstår, forklart:

Disse oppstår i områder hvor ungdom med ulike nasjonalitetsbakgrunn har mye kontakt. Det er ikke et særnorsk fenomen, men er kjent fra storbyer i hele Europa. Multietnolekten kjennetegnes ved mange lånord fra blant annet arabisk, berbisk, urdu og spansk. Dessuten er ordstillingen ofte annerledes enn i norsk.

Dette er den einaste læreboka som ser på det lingvistiske aspektet av multietnolekt. Bakarst i boka er også eit utdrag frå *Alle utlendinger har lukka gardiner*.

Alle læreverka har inkorporert innhaldet frå kompetansemålet i lærebøkene, ettersom alle bøkene inkluderer multietnolekt, og dei fleste lærebøkene har inkorporert tekstar som er knytt til multietnolekt. Det er ikkje store mengder tekst som omhandlar multietnolekt, ettersom kompetansemåla er eitt av mange kompetansemål. Det er også variasjon i korleis læreverka omtaler multietnolekt. Nokre bruker kebabnorsk, nokre bruker fleirspråklegheit, medan andre bruker multietnolekt.

4. Drøfting

4.1. Plass²

Lærebok	Tal sider
<i>Fabel 10</i>	2
<i>Grip teksten vg1</i>	4
<i>Grip teksten vg3</i>	4
<i>Kontakt Påbygging vg3</i>	1
<i>Norsk for yrkesfag vg2</i>	3

Eit første motiv som kjem tydeleg fram i analysen, er kor stor plass dei enkelte lærebøkene har via til temaet multietnolekt, og kva bøker som vektlegger temaet mest. Mest tydeleg er det at multietnolekt har fått størst fokus i *Grip teksten Vg1*. Dette samsvarer med kompetansemåla, ettersom det er fleire kompetansemål i dette trinnet som omhandlar multietnolekt, enn i andre trinn. Det er også like mange sider som omhandlar multietnolekt i *Grip teksten vg3*. Som nemnt i kapittel 2.2 er kompetansemålet frå Vg3 nokså likt kompetansemålet frå 10.trinn. Likevel er det dobbelt så mange sider i læreverket frå tredjeklasse vidaregåande enn i læreverket frå tiandeklasse. Kompetansemålet er nokså vidt og omfattande, og dette er nok grunnen til at det er store ulikheiter mellom desse læreverka. Noko å merke seg er at *Kontakt Påbygging vg3* har det minste talet sider, medan *Grip teksten*

² I tabellen er ikkje tekstar frå tekstsamlinga bakarst i boka rekna som ein del av tal sider, ettersom desse tekstane ikkje er hovudfokuset i analysen.

vg3 har flest sider. Dette til tross for at klassetrinna har det same kompetansemålet. Ein kan tenkje at dette er ettersom kompetansemålet viser at elevane skal gjere greie for et utval talemål, og multietnolekt berre er eit av fleire. Påbygging skal også ta att andre- og tredjeklassepensum, og har difor eit meir omfattande pensum. Det kan gjere at nokre av temaa blir komprimert, slik ein ser tendensar til i dette tilfellet.

4.2. Plassering

Multietnolekt har fått ein plass blant talemål, slik som dialekter, sosiolekter, teiknespråk og liknande, i alle dei fem læremidla. Som ein kan sjå i kapittel 2.1 heng kompetansemåla om dialekter og multietnolekt saman, slik som, til dømes, kompetansemålet frå 10.klasse, der eleven skal «gjere greie for nokre kjenneteikn ved hovudgrupper av talemål i Noreg, og diskutere haldningar til ulike talemål og til dei skriftlege målformene nynorsk og bokmål». I tillegg er multietnolekt eit talemål, på lik linje som dialekter. På bakgrunn av dette er det naturleg å plassere multietnolekt som ein del av skulepensumet om dialekter og språkleg variasjon. Denne plasseringa av multietnolekt bidrar dermed til normalisering av språkleg og kunstnarisk mangfald (Opsahl og Røyneland, 2016:49), og viser at multietnolekt blir vektlagt på same måte som dialekter. Plasseringa anerkjenner ein ny språkleg praksis, som er noko anna og annleis enn dialekter (Opsahl og Røyneland, 2016:52).

4.3. Ordval

I dei ulike læreverka er det brukt ulike ord for å omtale multietnolekt: Innvandrarspråk, kebabnorsk og multietnolekt er nokre av omgrepa som går igjen. Kebabnorsk er brukt i *Norsk for yrkesfag vg2*, *Grip teksten vg1* og i definisjonen for å forklare multietnolekt i *Fabel 10*. Som ein kan sjå i kapittel 3.1 er det dei same forfattarane som har skrive *Grip teksten vg1* og *Grip teksten vg3*. Likevel blir berre kebabnorsk brukt i det eine læreverket. Med utgangspunkt i dette er det nærliggjande å anta at det har med målgruppa som boka er rekna for. Elevane har mest sannsynleg eit større forhold til ordet kebabnorsk enn multietnolekt. Ein kan tenke seg at dette også er tilfellet i *Fabel 10*, som i hovudsak bruker multietnolekt, men forklarar ordet ved å nemne kebabnorsk. Førsteamanuensis ved Høgskolen i Oslo, Finn Aarsæther, gjorde ei undersøking blant Oslo-ungdommen om kebabnorsk. Resultata han kom fram til er at «kebabnorsk» er forbunde med dårleg norsk, og har blitt direkte stigmatisert (Nøra, 2010). Svendsen (2014) analyserte ei rekke medieoppslag frå 2009. Eit oppslag hadde tittelen: «Kebabnorsk sperrer for jobb». I denne avisartikkelen brukast «kebabnorsk» synonymt med «dårleg norsk». I *Norsk for yrkesfag vg2* presiserer dei i læreverket at kebabnorsk er nokså upresist og til dels nedsettande. Spørsmålet er om det er lurt å bruke ordet i læreverka då, og kvifor ein vel å gjere det? Ein av grunnane kan vere å fjerne stigmaet knytt til omgrepet, som

er mykje brukt, ved å normalisere det. I tillegg kan det å bruke komplekse lingvistiske omgrep slik som multietnolekt vere eit nokså ambisiøst mål for elevar på ungdomsskule og vidaregåande, slik at ein vel å bruke «kebabnorsk» som elevane kanskje allereie har eit forhold til. I dette tilfellet kan ein argumentere for at det kan vere ein betre løysing å bruke ordet multietnolekt, for å så forklare multietnolekt ved å bruke kebabnorsk, slik det blir gjort i *Fabel 10*.

I *Fabel 10* blir også ordet multietnolekt brukt, i likskap med *Kontakt Påbygging vg3* og *Grip teksten vg3*. Som nemnt tidlegare er det nærliggjande å anta at multietnolekt hovudsakeleg blir brukt i *Fabel 10* for å unngå å bruke eit stigmatisert ord i læreverket. Det er også nærliggjande å anta at multietnolekt blir brukt i *Kontakt Påbygging vg3* og *Grip teksten vg3* ettersom desse elevane er i ei eldre målgruppe, slik at det ikkje er like ambisiøst at dei forstår kva ordet betyr. Elevane har også hatt om multietnolekt tidlegare i skulegongen, og difor har dei hørt ordet multietnolekt før.

4.4. Definisjon

Alle læreverka inkluderer ein forklaring av kva multietnolekt eller kebabnorsk er, med ulike tilnærmingar, som ein ser i kapittel 3.1. Desse definisjonane har element som både samsvarer og viker frå Hårstad (2015), Svendsen (u.u.) og Opsahl og Røyneland (2016) sine definisjonar av multietnolekt, som er blitt nemnt i kapittel 2. I følgjande delkapittel vil eg samanlikne definisjonane ut frå Hårstad (2015) sin definisjon av multietnolekt, på bakgrunn av at dei tre definisjonane frå kapittel 3.1 har same innhald med ulik ordlyd, men Hårstad sin definisjon er definisjonen som Språkrådet også bruker.

Tre av fem lærebøker nemner at multietnolekt veks fram i fleiretniske og fleirspråklege fellesskap, slik som Hårstad (2015): *Fabel 10*, *Grip teksten vg3* og *Kontakt påbygging*. Berre to av lærebøkene inkluderer at dette er ein talestil som inneheld språktrekk som kan sporast tilbake til dei involverte minoritetsspråka: *Kontakt påbygging* og *Norsk for yrkesfag vg2*. Ved å ta utgangspunkt i dette er det *Kontakt påbygging* sin definisjon som samsvarer mest med definisjonen som Hårstad (2015) og Språkrådet bruker.

Av alle forklaringane er *Grip teksten vg1* si forklaring den som viker mest frå Hårstad (2015) sin definisjon: «[...] Gruppespråket eller den *etnolekten* som er karakteristisk for ein del minoritetsspråklege». Det som er problematisk med definisjonen i dette læreverket er at den manglar mange viktige aspekt. Den nemner at det omhandlar minoritetsspråklege, men det er

det einaste denne definisjonen har til felles med Hårstad (2015) og dei andre læreverka sine definisjonar. Definisjonen er også kort, berre ei setning, og ein forstår verken korleis talestilen oppstår, frå kva språk stilen oppstår, eller kva aldersgruppe det gjeld. Ein kan også stille spørsmål ved at definisjonen fortel at multietnolekt gjeld for «ein del minoritetsspråklege». Kor stor del er dette, og kven er blant denne delen? Kva med majoritetsspråklege som bruker multietnolekt?

Fleire av definisjonane legger til ulike element til definisjonen. *Fabel 10* nemner kva det blir kalla i Sverige og Danmark, *Grip teksten vg3* nemner at multietnolekt også blir brukt av unge med majoritetsbakgrunn. Dette er noko som har blitt meir og meir vanleg dei siste åra. Av lærebøkene som er analysert i denne bacheloroppgåva er *Grip teksten vg3* ein av dei nyaste bøkene, og det kan vere nærliggjande å anta at dette er ein av grunnane til at dette læreverket er det einaste som nemner dette.

5. Avslutning

I denne oppgåva har eg, gjennom faglitteratur, LK06 og eiga forståing, gjort greie for multietnolekt, samt gått gjennom læreverket sin funksjon og læreplanen. Vidare har eg analysert fem utvalte lærebøker, og drøfta sentrale aspekt ved desse. Dette har eg gjort for å svare på problemstillinga: *På kva måte tematiserer lærebøkene multietnolekt, og korleis kan undervisinga innanfor dette temaet bidra til å forme førestillingar om multietnolekt i Noreg?* Læreverka er prega av at det er gjort ulike val i dei ulike læreverka for å tematisere multietnolekt. Dette ser ein i, til dømes, ordval, der fleire av læreverka bruker «kebabnorsk», medan andre bruker «multietnolekt». Ein ser det også i kor mange sider som er via til multietnolekt, og kor desse sidene er plasserte i boka. Desse vala kan grunnleggjast ut frå målgruppe, kompetansemål og teori. Gjennom sine val av kva forhold som skal vere representert i læreverka, påverkar lærebokforfattarane det utsynet elevane får til multietnolekt (Hårstad, 2019:41). Læremidla reflekterer sosiale normer og kulturelle verdiar som bidrar til elevane si førestilling om multietnolekt (Hårstad, 2019:41). Dei bidrar også til normalisering av språkleg og kunstnarisk mangfald (Opsahl og Røyneland, 2016:49), og anerkjenner ein ny språkleg praksis (Opsahl og Røyneland, 2016:52), som blir meir og meir brukt av unge med majoritetsbakgrunn. Ordvalet til forfattarane kan også bidra til ein mindre stigmatisert oppfatning av multietnolekt.

6. Litteraturliste

- Dahl, B. H., Engelstad, A., Engelstad, I., Heline-Halvorsen, E. B., Jemterud, I., Torp, A. og Zadjani, C. (2013). *Grip teksten. Norsk Vg1 Studieforbereidende utdanningsprogram* (4.utg.). Oslo: Aschehoug.
- Dahl, B. H., Engelstad, A., Engelstad, I., Heline-Halvorsen, E. B., Jemterud, I., Torp, A. og Zadjani, C. (2015). *Grip teksten. Norsk Vg3 Studieforbereidende utdanningsprogram* (2.utg.). Oslo: Aschehoug.
- Drivflaadt, E., Fostås, A. G., Hjulstad, K., Horn, H., Kjelen, H. A., Nitteberg, M. og Ommundsen, Å. M. (2015). *Fabel 10*. Oslo: Aschehoug.
- Frisk, E., Grundvig, T. E., Valand, S. S. og Moum, T. (2015). *Kontakt Påbygging Vg3*. Oslo: Cappelen Damm.
- Gitmark, C., Haraldsen, M. og Nøstdal, R. K. (2014). *Norsk for yrkesfag vg2*. Oslo: Aschehoug.
- Hårstad, S. (2015). Det gode språket – og det dårlige, *Språknytt*, 43(3), 25-27.
<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-2015/spraknytt-32015/det-gode-spraket--og-det-darlige/>
- Hårstad, S. (2019). Læreboka som agent i reproduksjon av språklige virkeligheter: Ei kritisk nærlesing av tre norsklæreverk for småtrinnet. *Målbryting*, (10), 23-47. <https://doi.org/10.7557/17.4810>
- Ims, I. (2013). Språklig registerdanning og verditilskrivning. Betegnelser på nye måter å snakke norsk på i Oslo. *NOA – Norsk som andrespråk*, 29(2), 37–71.
- Ims, I. (2014). Alle snakker norsk. Språkideologi og språklig differensiering i mediene. *NOA norsk som andrespråk* (30), 5-40.
- Kvittingen, I. (2018, 24.februar). Hva er kebabnorsk i dag? Henta 10.03.2020 frå:
<https://forskning.no/barn-og-ungdom-kultur-sprak/hva-er-kebabnorsk-i-dag/286860>
- Nicholls, J. (2003). Methods in school textbook research. *International Journal of Historical Learning, Teaching and Research*, 3(2), 1-17.
- Nøra, S. (2010, 10.desember). Misliker kebabnorsk. Henta 15.05.2020 frå:
<https://forskning.no/sprak-etnisitet-hogskolen-i-oslo/misliker-kebabnorsk/808005>
- Opsahl, T. & Røyneland, U. (2016). Reality rhymes – Recognition of rap in multicultural Norway. *Linguistics and Education*, 36, 45–54. Henta frå:
<https://doi.org/10.1016/j.linged.2016.06.003>
- Selander, S. (2010). En hermeneutisk læsing av pedagogiske tekster. I S.V. Knudsen & B. Aamotsbakken (Red.), *Teoretiske tilnærmingar til pedagogiske tekster* (s. 32-51). Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Språkrådet. (U.d.). Talemål. Henta 10.03.2020 frå:
<https://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/Talemaal/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2018, 5.mars). 14 prosent av befolkningen er innvandrere. Henta 14.03.2020 frå:
<https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/14-prosent-av-befolkningen-er-innvandrere>

Svendsen, B. A. (2014). Kebabnorskdebatten. En språkideologisk forhandling om sosial identitet. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 2014, 14(1), 133-162.

Svendsen, B.A., Ryen, E., & Lexander, K. V. (2015). *Rapport fra Forsningskampanjen 2014. Ta tempen på språket!* Norges forskningsråd.

Svendsen, B. A. (2018). The dynamics of citizen sociolinguistics. *Journal of Sociolinguistics*, 22(2), 137-160. Oslo: Universitetet i Oslo.

Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i norsk (NOR1-05)*. Henta 11.03.2020 frå:
<https://www.udir.no/kl06/NOR1-05>

